# GRAUTHAUG

# LEIKANGER – TIDLEGARE FYLKESHOVUDSTAD I SOGN OG FJORDANE

1 Statens hus
2 Fylkeshuset
3 Statens vegvesen
4 Idrettsbana
5 Njøsadalen
6 Henjadalen
7 Kjeringafjell
8 Kleppa
9 Nav
10 Digdir
11 Tinghus
12 Kyrkje
13 Hanehaug
14 Fruktlager
15 Skagasete
16 Sognefjord Hotell
17 Stokksete
18 Nasjonalt senter for frukt og bær



Foto 1970 (Ivar Rishovd):
Laksegilja på Grauthaug. The salmon verp at Grauthaug.

Leikanger med ca. 2300 innbyggarar, eigen kommune til 2020, er den tidlegare fylkeshovudstaden i Sogn og Fjordane.
Dei 16 kilometerane frå Kvinnafossen til Fatlaelvi er kalla Systrond. Vendt mot sør, med godt klima og god tilgang på vatn, har området vore ein viktig matvareprodusent – frukt, bær, grønsaker og kjøt. Området vart tidleg eit nasjonalt senter for forsking på produksjonsmetodar og utvikling av nye sortar innan frukt og bær.
Leikanger vart administrasjonsstad for det meste av statleg og fylkeskommunal verksemd i gamle Sogn og Fjordane fylke.
Embetsmennene fann høvelege gardar i eit godt klima nær fjorden, som på den tida var den viktigaste transportåra.
Sorenskrivaren kom i 1850 og amtmannen, no fylkesmannen, i 1862.
Langs fjorden ligg fleire embetsmannsbustadar – fylkesmannen, politimeistaren, sorenskrivaren og presten. Vegsjefen hadde embetsbustad lenger oppe.
Det første moderne kontorbygget (Tinghuset) vart ferdig i 1939. Seinare er det bygt eit nytt kontorbygg om lag kvart åttande år i området ved kyrkja og på Hermansverk.
Framleis er offentleg forvalting med omlag 1200 arbeidsplassar den dominerande sysselsettinga. Sentraladministrasjonen for Sogndal kommune ligg her.
Leikanger var den einaste mindre tettstaden i Noreg som var vertskommune for dei fylkesdekkande administrative tenestene.
Kong Harald Hårfagre (850-930) samla Noreg til eitt rike. Han levde mest truleg ungdomsåra sine i Husabø på Leikanger. Leikanger kyrkje er frå om lag 1250.
Grauthaug var tidlegare ein god plass å fange laks frå laksegilje. Gilja stod på Grauthaug til ut på 1970-talet.

## LEIKANGER – FORMER ADMINISTRATIVE CENTRE OF SOGN OG FJORDANE COUNTY

Leikanger is a town with app. 2300 inhabitants and constituted a separate municipality until 2020. Leikanger is the former administrative centre of Sogn og Fjordane county, which merged with Hordaland county in 2020.
The 16-kilometre shoreline between the waterfalls Kvinnafossen and Fatla is locally referred to as Systrond. Facing the south and boasting a favourable climate as well as easy access to water for irrigation, the area has a long history of food production, including fruit, berries, vegetables, and meat. For a century, Leikanger has hosted a national centre for research on fruit and berry cultivation and development of new species and varieties.
Being the county's administrative centre, Leikanger has a long history of hosting most functions of state and county in Sogn og Fjordane. Government officials settled in residences at suitable farms along the fjord with having a favourable climate and proximity to the fjord, where most transportation took place at that time. The Magistrate arrived in 1850 and the County Governor in 1862. Next to the fjord, state officials settled in their new residences, including the County Governor, the Police Chief, the Magistrate, and the Vicar. The Head of the Road Authority got a villa further up the hillside.
The first modern office building (Tinghuset) was completed in 1939. Later on, a new office building has been erected approximately every eight years in the area next to the church and at Hermansverk. With a total of 1200 positions within public administration, this is still the predominant employment in Leikanger. In addition, the main administration of Sogndal municipality is situated in Leikanger as well. Previously, Leikanger was the only town of its size in all of Norway to host county-wide administrative functions.
King Harald Fairhair (850-930) who is believed to have unified Norway as a kingdom, most likely spent parts of his youth at the Husabø farm in Leikanger. Leikanger church was built around 1250.
Until the 1970s, Grauthaug was a good spot for catching salmon by the use of a salmon verp.

Andre språk - meir informasjon / Other languages - more information:
www.systrondsogelag.no • www.sogndal.kommune.no • www.opplevleikanger.no

Informasjonstavla er laga i eit samarbeid mellom Systrond sogelag og Opplev Leikanger med støtte frå Sogndal kommune, Sparebankstiftinga og Gjensidigestiftinga.
• Tekst: Systrond sogelag/K. H. Grepstad • Foto: Håvard Nesbø • Layout: IHP as - Leikanger

Systrond sogelag